

Fra: Tommy Andersen <tan2@online.no>
Sendt: 18. september 2017 10:52
Til: Rune Kilen
Emne: Brev Lindås komm - Tommy.pdf
Vedlegg: Brev Linda's komm - Tommy.pdf; ATT00001.txt

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Har levert brevet på Rådhuset i dag men sender likevel kopi til deg på e-post.

Ha ein fin dag!

Mvh Inger Anne H Andersen

Inger Anne og Tommy Andersen
Trælandsvegen 26
5956 Hundvin

Hundvin, 17. sept. 2017

Lindås kommune
VVA-avd
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref. 17/928 og 17/2620

Viser til brev frå dykk 13. ds.

Det er i brevet lista opp diverse «ulovlege» tiltak som munnar ut i eit varsel om mogeleg erstatningskrav på ca kr. 75.000,-

Vi vil gjerne få kommentera punkt for punkt:

- a) Trekkerøyr gjennom den kommunale vegen vart diskutert pr. telefon med R. Kilen før arbeidet vart utført, og det vart oppfatta slik at det vart gitt munnleg løyve. Tiltaket vart derfor sett i verk i god tru.
- b) Graving og legging av trekkerøyr/kabel i nærleik av fundamentet for vegmuren vart utført etter teikningar/forklaring frå Reknes Byggjevarer LL og BKK. Kart frå BKK der kabeltraseen var innteikna vert lagt ved her. Kopi av brev frå Reknes Byggjevarer LL til BKK kan leggjast fram om det er turvande.
- c) Gamal «mur» i sør var ca 10 m med Leca-blokker (e.l.) stabla i vegkanten på fundament av jord/grus, og tilsvarande ca 80 cm frå vegkanten. Mellom desse Leca-kantane var det eit tulipanbed. På den øverste kanten var montert eit falleferdig flettverksgjerde. Heile arrangementet vart fjerna i samband med omarbeiding og utbetring av avkøysla. Utbetringa vart gjort etter befaring/forslag/pålegg frå kommunen ved Rune Kilen. Kopi av kart med ny-utforma avkøysle, signert av Rune Kilen er vedlagt. Den gamle avkøysla og bakken ned til huset på gbnr 55/27 låg på jord, som vart masseutskifta til steinmassar. Etter vår meining er derfor vegskråning i sør vesentleg meir stabil no enn før.
- d) og e)
Det som vert omtala som støtte for vegmuren nord for stikkrenna, var og er jord og aur, og det er lite av dette som er fjerna, berre jamna ut. Merke på steinane i muren viser kor høg jorda rakk. Det er tvillaust at overvatn frå oversida av vegen har vaska ut jord under og mellom steinane og ført til byrjande utgliding av nokre steinar. Dette ser vi heilt klart som følgjeskadar etter at hovedstikkrenna var tett og vatnet, med dei store nedbørsmengder vi har hatt siste året, fann nye vegar.
Det er også eit faktum at utglidingsa skjedde etter at det vart støypt ein solid og tung mur på vegkanten oppå den gamle vegmuren.

Ved befaring frå kommunen ved Rune Kilen og Kjetil Eikefet i samband med reparasjon av stikkrenna vart kommunen også gjort merksam på at steinar i muren nord for stikkrenna hadde potensiale for vidare utgliding, då dei ligg på eit skrånande berg.

Dersom kommunen mot formodning framleis vil hevda at planering av jorda skulle vera årsak til utgliding, må det takast opp med entreprenør R. Valle Maskinstasjon, som var godkjent som ansvarshavande for grunnarbeidet, subsidiert Reknes Byggjevarer LL som ansvarleg søker, jfr. Pbl. § 23-3.

Som forbrukar og amatør hadde ikkje vi førsetnader, heller ikkje krav om, å ha kjennskap til alle reglar og bestemmelser.

Viser også til «Løyve til oppføring av bustad på gbnr 55/37», dat. 22.02.1016 – ref. 15/4184 – 16/3313 der det på side 3 er referert at søker (Reknes Byggjevarer AS) erklærer at tiltaket ikkje skal plasserast i eit området der det er fare for flaum, skred osv. Dersom dette er ei feilvurdering ligg ansvaret hjå Reknes Byggjevarer LL

Viser vidare til brev frå Lindås kommune til Reknes B. LL - «Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg». Det er heller ikkje der gitt konkrete opplysningar/føringar for kva omsyn som må takast før/når tiltaket vert sett i verk.

Viser også til pbl. § 25-1 om kommunen si tilsynsplikt.

På grunnlag av ovanståande vert med dette eit kvart erstatningskrav heilt og bestemt avvist.

For ordens skuld gjer vi merksam på at vi no vert bortreist på ferie fram til 15. okt., og derfor ikkje tilgjengeleg for nye innspel eller kommentarar i den perioden

Med venleg helsing

Inger Anne og Tommy Andersen

Kopi til:

Atle Bruvoll Andersen, Trælandsvegen 24, 5956 Hundvin
Ragnvald Valle Maskinstasjon, Seimstranda 343, 5912 Seim
Reknes Byggjevarer LL, Masfordvegen 187, 5986 Hosteland
Lindås Kommune, v/ Rune Kilen
 v/Kjetil Eikefet
 v/ Anne Lise Molvik
 v/Atle Ding

Sendt fra min iPad